

## Score

## Daniel Davidson

[Composer]

C C#dim G E min A7 D7 G

Tenor

Bass

Gjen-nom

G Amin7 D7

T

B

sjø-gang og strom på Bi - scai - a kom han heim i frå Lis - sa - bon, og no

A min7 D7 G E7 A7 Amin7 D7

T

B

driv han som fri - kar på kai - a, Da - niel Da - vid - son Han har

G C B7 E7

T

B

sig - la på u - kjen - de sta - tar Blid og ge - mein - sleg som før \_\_\_\_\_ og legg

C C#dim G E min A7 D7 G

T

B

ut i ein und-ran-de flokk kam-e - rat - ar om land - a i sør.

Han har kjennskap til alt og til alle  
i frå kvinnfolk til ville dyr,  
og kvart ord han i flokken lar falle  
andar av eventyr.  
Han har set dei kanariske øyar  
stå med skogar av vill kanel,  
og spasert med forneme kanariske møyar  
ved solegladsbel.

Og han kjem ikkje tomhendt attende,  
men har med seg ein dyr presang  
til kvar einskild av kjære og kjende,  
kvar etter stand og rang.  
Mein ei språkkyndig, grøn papegøye  
har han gøymt til han eingong skal fri,  
han har sjølv lært ho teksten med tolmod og møye:  
I love you, Mari!

Som ein storkar i ordlag og fakter  
og kledd opp som ein mann av byrd  
står han atter på heimlege trakter,  
storleg på strå og vyrd.  
Han kom heim over stormande hav att  
og har set meir enn jordiske flest  
han har ordet på hand til han atter stikk av at  
i storm frå nordvest  
...han har ordet på hand til han atter stikk av at  
i storm frå nordvest.